

**Viktig reiselivsstilling for uskedaling****07.08.2006**

Kari Eik frå Uskedalen er tilsett som prosjektleiar og skal få reiselivsbedriftene i Hordaland til å arbeide saman med utvikling og marknadsføring av produkt for kurs- og konferansemarknaden. Prosjektstillinga er på to år og håpet er at det blir skapt produkt som kan leva vidare også etterpå.

Kari er no tilsett i Choice Hotels i Oslo og skal ta til i den nye jobben seinast 1. november.

- Eg har jobba mest med salg før og det blir spanande å jobba opp mot kommunar og fylkeskommune, seier ho til Grenda.

Ho ser fram til å flytta til Vestlandet att.

Kompensasjonsmidlar frå auka arbeidsgjevaravgift er bakgrunnen for at dette reiselivsprosjektet kan startast.